

# Østerdal ungdomslag gjennom 100 år

Av Helga R. Nerset, Kristine P. Tallerås og Marit H. Tronsvang

Østerdal Ungdomslag, som frå starten hadde namnet Ungdomsforbundet Breidablik, såg dagens lys under ungdomsstemnet på Røros i 1893. Framlegg om å skapa ei samanslutning av "læse-, sang- og ungdomslag fra Nordre Østerdalen, Røros og Øvre Guldalen" var oppe på stemnet på Os hausten før.

Med utgangspunkt i fylkeslaget si 100 årige leve-tid, vil me her gløtte inn i lagshistoria og sjå kva aktiviteter ungdomslaga har og har hatt. Mangfoldet vil fortel oss om ein aktiv medlemsmasse som la ned eit grundig arbeid for kultur og folkeopplysning i bygdesamfunna, og som var med og "bygde" sunne miljøer. Ein bør begynne å vurdere kva innverknad ungdomslaga og aktivitetane deira hadde på lokalsamfunna.

Ein vil her presentere ein biletserie frå ungdomslagsverksemnda, bileta fortel meir enn ord.

## Lokallaga i Ø.U.L.

### MIDTRE GAULDAL

1. Kvitsymra, Reitstøa.

### HOLTÅLEN

2. Fremskridt, Reitan.

### RØROS

3. Håpet, Hitterdalen.
4. Nytt håp, Galåen.
5. Røros Folkedanslag, Røros.

### OS

6. Dalsbygda U.L., Dalsbygda.
7. Os U.L., Os.
8. Nøren U.L., Os.
9. U.L. Tuften, Tufsingdalen.

### TOLGA

10. U.L. Fjellhug, Øversjødalen

11. U.L. Frihug Hodalen.

12. U.L. Samhug, Tolga.

13. U.L. Nybrot, Vingelen.

### TYNSET

14. U.L. Forsøket, Telneset.

15. U.L. Heimsyn, Åen (Tynset).

16. U.L. Tron, Tynsetbyen.

17. U.L. Tunndølen, Neby/Tunndalen.

18. U.L. Vonheim, Lonåsen.

19. U.L. Vår, Fåset.

20. U.L. Uredd, Tylldalen.

21. U.L. Ungdomsvåren, Kvikne (Yset).

### ALVDAL

22. U.L. Framtida, Auma.

23. Brandvoll U.L., Brandvålen.

24. U.L. Dovreguten Steien/Baugen.

25. U.L. Fridtjof, Bellingmo

26. U.L. Lauvsprett, Plassen.

27. Egnund U.L., Egnund.

28. Alvdal U.L.

### FOLLDAL

29. Grimsaguten, Grimsbu

30. U.L. Rondane, Krohaugen.

31. Nord Atndal U.L., Nord-Atndalen

32. U.L. Fjell, Dalholen.

33. Fdl. Geitfrivil, Folldalen.

### STOR-ELVDAL

34. Haugtussa, Atna.

35. Andvake, Koppang.

36. Ungskogen, Stai.

### RENDALEN

37. U.L. Tillitt, Undset.

38. U.L. Samhold, Øvre Rendal.

39. Ytre Rendal U.L., Lomnessjøen.

40. Strømmen U.L., Storsjøen.

41. Storsjø U.L., Sjølisand.

**ENGEDAL**

42. Elgå U.L., Elgå.

43. Engerdalsringen, Engerdal.

**TRYSIL**


44. U.L. Flendølen, Flendalen

**Fylkeslagsstemner**

Opprinnleig var det stemna som var det vesentlege i ungdomslagsrørsla. Det gjevaste var å koma saman, bli kjente, høre taler, få kjennskap til nye spørsmål og tankar i tida, sjå amatørester, danser og ha det moro.

Frå den første tida gjekk programmet ut på å høyre tale etter tale, med ein konsert som underhaldning. På laurdagskvelden vart det framført eit spelstykke (gjerne to gong) med dans etterpå. Sundagen byrja med messe, deretter fleire taler.

Stemna utvikla seg etter som tida gjekk, og trekte inn nye aktiviteter. Det vart mönstringar innan ulike kulturelle greiner. I åra utover frå 1905 blir det vanleg å ha husflidssjå på stemna. Felekkappleikar blir eit fast innslag frå 1920 åra og til midten av 1950. Ein eigen del av stemna vart eit eige idrettsstemne med lengdesprang, kulestøyt og diskos, samt laup over 100 og 1500 m. Breidablikkstafetten vart innstifta i 1933 og var fast tevling på stemna heilt til på slutten.





Frå stemnet i Dalsbygda i 1939 (31060).

Det siste stemnet i Østerdal Ungdomslag var på Dalholen i 1971.

#### Den gamle fana

Fylkeslaget var lenge utan fane. Ettersom fleire og fleire av lagsfolka reiste på landsstemner, sakna dei eit samlingsmerke. På årsmøte i Ø.U.L. i Alvdal 1929 vart det vedteke å skaffe seg fane. Eit fond var allerei-

Biletet her er frå stemnet i Folldalen i 1931, der fana har fått heidersplassen bak talarstolen (32350). Sjå også forrige biletet, frå stemnet i Dalsbygda i 1939 (31060).



Den vesle spellmannen er Petter Barstad, Dalholen som vann hardingfele kl 1, under fylkeslagsstemnet i Vingelen, 1932 (42088).



de oppretta til dette formålet. Fleire utkast vart synt fram, og følgande vedteke: "Motivet var eit norsk flagg, med ein vimpel med innskrifta "Breidablik". Under stemnet på Tolga i 1927 vart fana synt fram, og møtelyden helsa henne med å reise seg, og klappa til Lars Løkken, Alvdal, som hadde laga utkastet. Og så gjekk møtelyden for første gong under si eiga fane, med hornmusikk i brodden til stemneplassen på Sætersgård." Fana var i bruk fram til og med stemnet på Fåset i 1941. Ho vart borte, og kom ikkje fram att etter krigen. I 1955 hadde Ø.U.L. skaffa seg ny fane, måla av Einar Skancke. Og denne blir brukt i dag.

#### Lagsaviser

Lagsvisa, den skulle først og framst vera til god underhaldning på møter og fester. Skjemt og alvor i skjønn foreining. Og sist men ikkje minst, auke interessa for litteratur og skapande aktivitet.

Overskrifta på "numra" var ofte kunstnerisk utfonna, som denne: "Tolken" til Ungdomslaget Fjell, Dalholen.

Tittler på lagsavisene vitner om oppfinnsomhet og kløkt.

Hør bare: Klæm aat, Ungdomen, Yterdølen, Eldingen, Samklang, Peer Gynt, Tolken, Uredd, Kameraten, Dovregubben, Ungdomsvona, Tronsguten, Dovreguten, Fridtjof, Framtid, Egnundingen,



Fjellgubben, Folldølen, Atndølen, Prøven, Tanken, Rendølen, Strømskallen, Vårbud.


#### Foredragshaldarar



Esten K. Nytrøen f. 1883, var mykje brukt som underhaldar. Mange er dei prologane han har skreve og framfört i U.I. Heimsyn. I si tid var han og flittig brukt som innsender av stoff til lagsavisa Tolken, både i dikt og prosa (44512).

#### Ungdomshusa

Straks etter eit ungdomslag var skipa, var den store draumen, det store målet at laget skulle få sitt eige ungdomshus. Å få sett opp eit forsamlingslokale var



Ungdomshuset "Rondaslottet," bygd omkring 1905/06, skyldsett i 1907. (Laget skipa år 1900). Hans (Massrøsten) Røsten, heimkomen fra Amerika var eldsjela i arbeidet her. (33718).



eit stort løft, krevde mykje både av pengar og dugnadsarbeid. Med eldsjelene og føregangsmennene fantest, så hus vart bygde rundt om i grend og bygd.

Men ungdomshusa vart for små, etter få år. Aktiviteten var stor, ungdomslaga krevde større plass. I 1930 vart Rondaslottet utvida, bygd i to høgder.

Ungdomslaget foran huset sitt. (24451).



### På ski til Røros-mart'n

Skiutflukter har ungdomslaga arrangert mange av gjennom tidene.

Ungdommar frå Dalsbygda har her teke turen til Røros-mart'n, alle på ski, ca 1913: Fremst f.v. Ola Langen, Inger Kvægraven, Per Ousten, Ingeborg Ousten?, Simen P. Grue, ukjent. 2. rekka: Fr. Simen Rønningen Grue, Nils Utheim, Petra Nordgårdsgjelten, Per I. Ryen, Marit Lombnes (lærerinne i Dalsbygda, frå Øvre Rendalen), Martin Bakos? Bakerst: Esten Gjelten Moen, Astrid Gjelten?, Ingvald P. Ryen, Berit O. Ryen, Bernt Nyhaug (31114).

### Teaterarbeid

Det er ikkje få timer/dagar som er brukta på å øva inn skuespell som vart synt i ungdomshuset kvar jul og kvar 17. mai. Arbeid og slit var det, men mest leven og moro trass alt. Og stykka vart støtt vel mottekne. Folk gjekk mann av huse for å sjå dei lokale aktørane i sving på scena. Rollehefter fekk laga tinga frå Noregs Ungdomslag og populære stykke var t.d.: Laurdagkveld, Stølshelg, Pengesorger, Kallane i Oaldalen, Liv og leven, Taterjenta, Sportsdilla, Hei Ola, der nord, Lars Anders og Jan Anders og borna deira, Bill. merk: Gjerne ekteskap.



Her frå skuespillet "Kallane i Oladalen, framført i Skogly, Grimsbu i 1935: Fremst: Arne Glad Iversen, Peder Engvoll, Odd Folshaugmoen. Bak: Petra Kjøllmoen, Jon O. Grimsbo, Anna Engvoll (34752).

### Studieabeid

Mange av laga har hatt breid studieverksemnd, - som er ei vidareføring av folkeopplysningstakan frå slutten av 1800 talet.

Dalsbygda u.l. er mellom dei laga som var svært aktive i 1970 åra. Laget stilte m.a. med 7 - 8 tevlingslag i Kven Veit-tevlingane. Fleire gong kom eit av laga (superlaget) til landsfinalen.

Bilete frå eit felles studiemøte i januar 1972.

F.v. rundt bordet: Gunnvor Ryen, Anne Utstumo, Bodil Myrtrøen, Eldebjørg Ryen, Ottar Ryen, Liv Karin Ryen, Leif Kristian Westvold, Frøydis Gjelten, Åslaug Ryen, Leif Olav Nordvang og Bjarne Østgård (45342).





### Songkor

Fleire av ungdomslaga hadde eige songkor, og truleg er fleire av songkora i norddalen utspring frå eit ungdomslag. Brandvoll u.l. hadde aktivt songkor frå 1915/16 og framover 20 åra. Det blir fortald at koret vart nytta i kjerka under julemessan eit av desse åra.

Bilete er teke under ei øving i Brandvåls-skula ca 1921. Dirigent er Per Lilleeng, lærar på Brandvålen.

Jentene f.v: Jenny Dalslænen, Laura Brandvoll (Utistuen, g. Müller), Jenny Brandvoll (Utistuen, g. Berger), Olava Brandvoll (Utistuen, g. Gjelten), Sigrid

Brandvoll (Lykkjen), Helga Brandvoll (Borsen, g. Holmen), Margit Brandvoll (Fløtten, g. Holmen), Gudrun Tronslien (g. Brandvoll) bakafor, Maria Brandvoll (Lykkjen), Anne Brandvold (S. Haugen) og Ingeborg Brandvoll (Utistuen).

Gutane f.v.: ..., Jakob Müller, Andreas Noreng, Håkon Müller, Jens Brandvoll (Utistuen), Lars M. Brandvoll (Fløtten), Bjarne Müller, Johannes Müller, Jon Brandvoll (Lykkjen). Anne Nygård og Alma Brandvold (S. Haugen) var og med i koret, men er ikkje med på bilete (24636).



*Medlemmer fra Røros folkedanslag danser her pols på gardsplassen i Åsen-garden. Spellmann er Jens Nyplass (45343).*


### **Leik og dans**

Innan Noregs Ungdomslag har folkeviseleiken blomstra.

Hulda Garborg , som i si tid sette dans til dei norske folkevisene, la med det grunnlaget for vidareføring av andre danseformer og. Ho reiste over til Færøyene for å sjå den gamle langdansen i bruk. Leikarringane og folkedansfolk i Noregs Ungdomslag har ført arbeidet hennar vidare gjennom uttalige folkedansmønstringar både i inn og utland. Arbeidet med å føre bygdedansen vidare har og stått sentralt for dei fleste danseinteresserte, også her i distriktet. Opprinnelig vart det lagt mest vekt på springleik og pols, side om side med vals, reinlender, galopp, hoppvals og masurka.

### **Dansemusikk**

Mange av laga hadde, og har eigne spellmenn. Desse bidro med musikk til underhaldning og dans. Ungdomslaget Heimsyn hadde si eiga musikkgruppe som



var aktive til fram på 20 åra:

F.v: Hans Vangen, fele, Lars Bakkhaug på orgel og Ola Gammelutstumo på fele.

Dette var vanleg samansetning på den tida (44414).

## Stemneturar

Det har støtt vore populært å dra på stemna i Noregs Ungdomslag. For lagsmedlemmene var det opplevingar som vart minner for livet.

I 1938 gjekk turen til Fagernes for fleire av laga i Østerdal Ungdomslag, m.a. for vingelsingane. Leikarringen i U.L. Nybrot stilte med 9 par. Forsterka med 3 par frå Rondane u.l. i Folldalen, vart det 12 par i alt som hadde danseframstilling på stemna på Fagernes. Instruktør og felespelar var Anders Ellefs-plass, og turen kosta 8 kr pr. person. Alle hadde med seg mat heimanfrå til niste på ferda. Ei av jentene som var med på turen, kunne fortelja at ho hadde

med seg 25 kr i reisepengar. Da ho kom heimatt, hadde ho enno pengar att jamvel om ho hadde kjøpt gaver til dei heime.

Fremst (alle namna er nemnd frå venstre mot høgre): Margit Moen, Magnhild Tallerås, Gunvor Trøan, Magnvor Bjørkly, Åsta Hagen og Berit Vang.  
2. rekka: Kjellfrid Lien, Marit L. Odden, Kjersti Vingelsgaard, Ragnhild Røe.

3. rekka: Ingar Aasgård, Esten Nordistuen, Reidar Dalheim, Bjarne Østerås, Sverre Røe, Johan I. Røsten, Olav Moen.

Bak: Trygve Hagen, Per Engset, Torbjørn Støen, Ole Nordistuen. Repro: Skjøtskift.





### Bunadsaka

Borghild Streitlien, som var aktiv som folkedansar og leikinstruktør frå først på 20-åra, arbeidde mykje med bunadspørsmål i Nord-Østerdalen. Ho var mellom dei som i sin grøne ungdom opna "bunadkarieren" med Nasjonaldrakt og Hulda Garborg-drakt, og har seinare hatt mange ulike bunader. Til slutt brukte ho ei lokal drakt (borkhusstakken) frå heimbygda Folldalen. Etter krigen dreiv ho bunadstue, som Østerdal Ungdomslag sto for. Der vart det sauma Maria Aaen- og Lødrupsbunad. Desse to gjekk seiende ut av bunadkonkurransen i 1947.

Borghild Streitlien har her i ein av desse, lødrupsbunaden (34776).



**Landsstemna i Noregs Ungdomslag**  
Østerdal Ungdomslag har stått som arrangør for Landsstemnet i Noregs Ungdomslag tre gong. Første gong i 1919, så i 1957 og no sist i 1989, alle tre gongane har Tynset vore stemnestad.

Bilete her er frå 1957, og viser spissen av stemnetoget. Jon Aaseng ber NU-fana, Grete Nytrøen g. Westgård (t.v.) og Eli Gjoran Langodden g. Trøan er fanevakter (44708).



### Skiturar

I krigsåra vart Noregs Ungdomslag okkupert av tyskerane, og i protest la laga ned arbeidet. Derfor var aktiviteten denne tida svært liten. Lagsaktivitetane gjekk for fullt fram til i 1942, og utifrå dette skiturbi-lete frå året før ser ein at lagsånda er på topp. Storsjø

ungdomslag, Sjølisand på ski til Holmsetra i 1941.

Frå venstre: Thoralf Thorsteinsen, Gerd Botillen, Astrid Brænd, Borghild ....., Oddvar Botillen, Jorun Sveen, Tollef Thorsteinsen, Paul Kvernbu, Leif Sveen og Sigurd ...

(44771).



### Dagens ungdom

Medlemene i Dalsbygda Ungdomslag før avreise til Idrefjell i Sverige. Etter ein hektisk vinter, 1991 kosta laget på seg ein tur over grensa for å renne slalom og kose seg.

Fremst f.v: Hanne Østgaard, Toril Johnsen, Wenche Ytterhaug, Randi Helene Grue, Bodil Berg, Toril Aamo.

2. r. f.v: Rolf Olav Aamo, Tore Grue, Jon Øyvind Grue, Kjetil Eggen, Thomas Østgårdstrøen, Per Olof Holmberg.

Bak f.v: Håvar Bakken, Jon Roar Ytterhaug, Lars Inge Ytterhaug, Per Martin Rønningen, Bjørn Arild Berntsen. (44397).

## 100 års jubileet i Ø.U.L.

Våren 1993 kunne Ø.U.L. feire sitt 100 års jubileum på Tynset. Jubileumsfesten var open for alle, både gamle og nye medlemmer. Dagen starta med jubileumsopptog gjennom Tynsetbyen. I spissen gjekk fana til Østerdal Ungdomslag, boren av leiar Leif Vingelen, med Brit Vingelsgård Ryen t.v (frå jubileumskomiteen) og Inger Aasgård t.h. (frå bokkomiteen), som fanevakter. Bak følger Tynset spellmannslag og lokallaga i flokk og følge. I alt 44 lokal-lag har vore med i Ø.U.L. gjennom tida, og desse vart presentert med skilt og faner i toget.

Etter togrunden gjennom Tynsetby-en, enda heile toget i eit stort blaut-kakkelag utanfor kulturhuset. Ut over dagen hadde deltakarane høve til å sjå jubileumsutstillinga i Galleri Elgen, og ei multimedia-framsyning i Veslesalen.

Jubileumsforestillinga i Storsalen om kvelden hadde tale av Ola Jonsmoen, utdrag av gamle lagsviser frå Dalsbygda og spelstykket "Bill.merk: Gjerne ekteskap" vart framført av U.I. Nybrot.

Leiaren i Noregs Ungdomslag, Berit Nergård Nyre var tilstades og helsa frå organisasjonen.

Programdelen gleid rett over i marsj-takt ut frå Storsalen og over i dansesteg i Nystua.

Omlag 3-400 personar deltok i jubi-leumsfeiringa.

*Foto: Berit B. Skundberg.*

*Foto: Eli Sesseng, Arbeidets Rett.*





### Jubileumsboka "Østerdalsungdom gjennom 100 år"

Til 100 års jubileet vart det laga ei biletbok som viser glimt frå lagshistoria til Østerdal Ungdomslag. Her er både lokallaga og fylkeslaget presentere i ord og bilet.

Ved kjøp av boka, og tinging av bilet, kan du kontakte

Musea i Nord-Østerdalen, Ramsmoen, 2501 Tynset, tlf 62 48 08 70.